

Magda Haugen og Paul Tømmerbakk
Heiane 21
5652 ÅRLAND

26.09.12

NVE
Postboks 5091 Majorstua,
0301 OSLO

Høyringsuttale vedk. søknad om konsesjon for vasskraftutbygging i Aldalselva. Saknr 201104255 .

Me er eigarar av ei hytte på gbnr 20/9 med strandlinje til Fitjavatnet. Me synest det er positivt at grunneigarane langs Aldalselva ynskjer å etablera eit kraftverk ved å nytta fallrettane sine i dette vassdraget. Me reagerer likevel på at utbyggjarane ynskjer å gjera tilhøvesvis svært store naturinngrep for å oppnå maks effekt av utbygginga. Me vurderer det slik at verdien på eigedomen vår ved Fitjavatnet vil verta særslig forringa ved ei eventuell utbygging av Aldalselva inkludert regulering av Fitjavatnet.

Det er særleg den planlagde oppdemminga av vatnet som vil verka skjemmande. Fitjavatnet er mykje nytta til rekreasjonsområde for innbyggjarane i Samnanger både sommar og vinter. Stien som er etablert gjennom generasjonar rundt Fitjavatnet er med på gjera dette til eit attraktiv turområde. Her kan ein gå tilhøvesvis lange turar i relativt flatt terreng, noko som er unikt her i Samnanger. Vanlegvis inneheld turløyper i vestlandsterreg mange bratte parti, men slik er det altså ikkje ved Fitjavatnet. Ved ei eventuell oppdemming som omtala i konsesjonen, vil store delar av stien verta lagt under vatn. Dette vil gjera området utilgjengeleg i lange periodar.

Skiterrenget vil også verta særslig forringa ved ei eventuell oppdemming av vatnet. Isen vil verta usikker, og dermed vil skiløypene ikkje lenger kunna nyttast som no.

Me synest det ville vera betre for heile området om kraftutbygginga i Aldalselva kunne avgrensast til å nytta vannkrafta utan å regulera vatnet ved oppdemming.

Med Helsing

Magda Haugen

Paul Tømmerbakk

Kopi: Samnanger kommune

